

Forskrift om skulerute 2025-2026 for skulane i Klepp kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret 16.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld alle elevar ved grunnskular i Klepp kommune skuleåret 2025-2026

§ 2. Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekka seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker og elevane skal ha minimum 190 skuledagar.

Dato for oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, vinterferie og påskeferie er felles for alle skulane og kan ikkje endrast på.

§3 Planleggingsdagar

Skulen skal ha seks planleggingsdagar per skuleår og SFO skal ha fem planleggingsdagar. Desse dagane er felles for alle skulane i Klepp og ligg på dagar utanfor dei 190 skuledagane til elevane.

Endringar kan gjerast ved den einskilde skole, dersom det ikkje medfører utgifter til ekstra skyss og at endringane er gjort i samråd med skulen sin rådsorgan og involverte barnehagar (det vil seie barnehagar som har born som skal begynne på den aktuelle skulen til hausten) Endringar skal godkjennast av skulesjef.

§ 4. Skulerute 2025-2026

Månad	Ferie/fri	Skuledagar
August	Torsdag 14.august er første skuledag for elevane	12
September		22
Oktober	Hautferie veke 41 Måndag 6. - fredag 10.oktober	18
November	Fridag for elevane fredag 14.november	19
Desember	Fredag 19.desember er siste skuledag før jul	15

Månad	Ferie/fri	Skuledagar
Januar	Måndag 5.januar er første skuledag etter jul.	20
Februar	Vinterferie veke 9 Måndag 23. - fredag 27.februar	15
Mars	Påskeferie veke 14/15 Frå måndag 30.mars til og med tysdag 7.april Onsdag 8.april er første skuledag etter påske.	20
April		17
Mai	Fredag 1.mai: Offentleg høgtidsdag Torsdag 14.mai: Kristi himmelfartsdag Fredag 15.mai: Fridag for elevane Måndag 25.mai: 2.pinsedag	17
Juni	Fredag 19. juni er siste skuledag for elevane	15
Sum skuledagar		190

Planleggingsdagar skule	Planleggingsdagar SFO
Måndag 11., tysdag 12.og onsdag 13. august	Måndag 11. og tysdag 12.august. SFO stengt
Fredag 14.november	SFO stengt
Fredag 2.januar	SFO stengt
Tysdag 7. april	SFO stengt

§ 5. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1.august 2025

